

Dykkarkurs ved vakre Ulla

Dykking ved Ulla handlar om å ha det gøy i følgje kursleiar Svein Wollstad. På utsida av Ullasundbrua finst eit eldorado for dykkarar. Hit kjem dei som vil oppleve frodig natur, spenning og noko utanom det vanlege.

Willy W. Haram

willy.haram@haramsnytt.no

På veg til Ulla Havsportssenter på Haramsøya kjem ein til nokre hus ved vegen som ligg tett i tett. Ullahammeren minner om Arendal, med eldre trehus, ved tronge gater, som fører ned mot havet. På brygga ved Eljasbuda står forventningsfulle kursdeltakarar i dykkarutstyr. Svein Wollstad er kursleiar og går mellom deltakarane og forklarar. Under vatn kommuniserer dei med ulike teikn med hendene. For dei som ikkje er trent kan ein bli sliten i kroppen av å dykke. Wollstad samlar deltarane ein siste gong før dei skal uti havet. Ein av dei ønskjer å bli minna på kva dei ulike teikna under vatn tyder, ein er sliten, og ein annan trippar etter å få komme uti havet igjen. Tryggleik er det viktigaste dei får lære på kurset. Det brukar Wollstad mykje tid på å prate om. Å gjere det som er rett dersom det oppstår ei krise under vatn, kan vere heilt avgjerdande om ein skal redde livet.

Dykkarkurs på Ulla

I løpet av eit år held Wollstad omlag to kurs for interesserte i Haram og Sandøy. Han er dagleg leiar ved Ålesund Dykkersenter og har reist rundt omkring på Sunnmøre og hatt kurs i 26 år. Dei samarbeidar med Ulla Havsportssenter som i følgje Wollstad har flotte fasilitetar.

– I område på utsida av Ullasundbrua er det fint å dykke. Ein blir møtt med frodig natur som har blitt eksponert for storhavet. Spesielt tareskogen er så vakker at den kan ta pusten frå ein, seier Wollstad.

Etter teori og ei øving på å bli kjent med vatnet, ventar seks dykk på deltakarane på kurset. Wollstad underviser i det som kallast «Fritidsdykking». Då skal ein dykke trygt, under trygge forhold, til trygg djupne.

Under kurset er tryggleiken i hovudfokus, men han understrekar at det viktigaste er opplevinga av havet og å ha det gøy.

– Kurset på Ulla var eit fint kurs. Det var kjekt å få møte folk frå området og vi har det morosamt. Dykking skal først



I 26 år har Svein Wollstad hatt dykkarkurs på heile Sunnmøre. Han skryt av forholda utanfor Ullasundbroa og fortel om den vakre tareskogen.

og fremst vere gøy, meiner Wollstad.

Samarbeid om kundar

Der finst ein rekke ulike dykkarmål ein kan oppleve frå Havsportssenteret. Her finst grotter, skipsvrak, fjellvegger, og tareskog. I følgje Ulla Havsportssenter er området ei perle for dykke-entusiastar og i internasjonal klasse for fridykking.

Kirsten Berit Ulla driv senteret saman med mannen Andreas Ulla. Det har dei gjort sidan 1999.

– Vi har opplevd ei jamn auke i pågangen på senteret. Her kjem det turistar frå Sverige, Danmark og Tyskland, sjølv om dei fleste kundane er norske. Det som er spesielt hyggeleg er at dei som har vore her kjem igjen år etter år, meiner Kirsten Berit Ulla.

For å tiltrekke seg fleire, og dele på dei kundane som finst, samarbeidar Ulla Havsportssenter med Gunnabuda på Longva.

– Om kundane ønskjer noko vi ikkje kan tilby så tek vi kontakt med Gunnabuda. Så



Ein av deltarane på kurset gløymde å ha igjen glidelåsen på tørrdrakta si. Det var 11 grader i vatnet og han stivna litt til då han oppdaga at glidelåsen var open. Kanskje han skulle ha følgd med betra då Wollstad samla alle før det siste dykket for dagen..

gjer dei det same med oss. vi sjølve har, seier Ulla.
Slik kan vi tilby meir enn det



På kurset lærer deltakarane om tryggleik. Men det viktigaste er i følgje Wollstad at dei har det gøy og får oppleve spenninga med havet. Her lærar dei korleis dei kjem seg ut i vatnet på rett måte.